

# Kyrkjeblad for Fjaler

nr.2 august 2021  
79. årgang



# Den av dykk som er utan synd, kan kaste den første steinen

Det finst ei tankevekkande kvardagsskisse i Det nye testamentet: Dei har gripe ei kvinne på fersk gjerning i ekteskapsbrot. Etter Moselova skal ho steinast.

Og no kjem dei i lukkeleg dømmerus med kvinna og med steinar i hendene.

Men Jesus nektar å gå inn i nokon som helst diskusjon. Mobbementalitet er jo ingen samtalepartner. Etter ei lang stund, reiser Jesus seg, ser på dei og seier: «Den av dykk som er utan synd, kan kaste den første steinen på henne.»

Karstein Isachsen skriv: «Jeg har skrevet 15 bøker i mitt liv. Det blir mange ord og setninger. Jeg skulle gladelig gitt bort eiendomsretten til hele forfatterskapet for opphavsretten til den ene setningen. Selv uten korsfestelsen og oppstandelsen ville Jesus aldri være glemt, og den setningen ville levet etter han like til denne dag. Jeg lever av den. Av og til ligger jeg kastet på brosteinene og ser hender løfte seg. Av og til løfter jeg hender som holder steinen som rommer min angst og mitt skjulte nederlag, nå skal alt kastes mot en annen, i rettferdighetens navn!»

Farisearane og dei skriftlærde skulle «ta» Jesus. Viss han svarte nei til steininga, kunne dei anklage han for ikkje å følge Moselova. Hvis han derimot svarte ja, kunne dei melde han til dei romerske myndigheitene som ikkje tillet at nokon andre enn romarane dømde forbrytarar.

Mennene sin plan var klar: Kvinna skulle få straff som fortent, samtidig som dei fanga Jesus i en felle. Men Jesus let seg ikkje fange. I staden for å dømme kvinna, vende han spørsmålet tilbake til dei skriftlærde: «Den av dykk som er utan synd, kan kaste den første steinen på henne.»

Jesus utfordra dei skriftlærde til sjølvransaking. Slik berga han livet til ei dødsdømd kvinne.

Medan Jesus sat og skreiv i sanda, gjekk dei bort ein etter ein. Til slutt var det berre dei to att. «Heller ikkje eg fordømmer deg. Gå bort og synd ikkje meir frå no av.»

Den dødsdømde kvinna fekk eit nytt liv. I staden for å bli verande i synd og skam, set Jesus fri frå det



Foto: Jackson David, Pixabay

som tyngjer – og gir ei ny framtid. Dette er noko av det finaste i den kristne trua. Dette er Guds rike sin skatt. Kven som helst kan stige inn, og røve denne skatten. Den kallast nåde. Og den finst berre hos Gud gjennom Jesu død og oppstode. Ei gåve vi får – heilt uførtent.

Knut Arne Kummeneje

*Har vi sten i våre hender  
når vi møter den som falt?  
Har vi dom i våre øyne,  
så vårt blikk blir hardt og kaldt?  
Har vi glemt vår egen krise  
og vårt eget nederlag  
og det regnskap vi må vise  
på vår egen oppgjørsdag?*

*Vi vil slippe våre stener.  
Vi vil rekke frem vår hånd.  
Kristus mildner våre øyne  
når han gir oss av sin ånd.  
Vi har alle falt i støvet.  
Alle trenger vi en bror.  
Han som elsket, ber oss prøve  
å gi varme til vår jord.*

Salme 673 NoS 2013, tekst Liv Nordhaug 1971

# På kyrkjebakken

## Festivalgudsteneste

Laurdag 11. september kl. 11.00 er det festivalgudsteneste i Dale kyrkje under Teaterfestivalen. Tema for gudstenesta er TRU, og Maria Skadal, Kjell Ivar Aase, konfirmantar og soknepresten vil delta. Det vil bli song og drama med fokus på kristen tru. Elles håpar vi folk kjem og vil delta i salmesongen som er ein viktig del i ei gudsteneste. Vi gler oss til å samlast denne dagen. Velkomen til festivalgudsteneste!

## Ljosheimbasaren

laurdag 16. oktober kl. 15.00.  
Vi satsar på god gamaldags Ljosheimbasar denne laurdagen midt i oktober, og håpar at vi då er kvitt ein meters avgrensinga mellom oss. Dette jobbar vi mot utover hausten. Set av dagen i kalenderen, så gler vi oss til å møtast på basar igjen.

## Vi treng fleire tekstlesarar!

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei sær s viktig oppgåve. Tekstlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Tekstlesarane blir sett opp på gudstenester etter ein turnus. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret. Vi treng sårt fleire som kan hjelpe til i gudstenestene i Fjaler.

## Jolekonsert Stille grender

Laurdag 27. november kl. 18.00  
I Dale kyrkje



Foto: Tonje Fossvædt

Med urframføring av Huldresong av Jakob Sande/Liv Ulvik

Med: Det Norske Jentekor, dirigent Anne Karin Sundal-Ask og jentekoret Drops, dirigent Hanne-Margrete Heia Dybvik. Arrangør: Jakob Sande - senter for forteljekunst i samarbeid med kora og Fjaler sokneråd. Billetter vil bli lagt ut på TicketCo.

## Fasteaksjonen 2021

Hjerteleg takk til alle som har gitt til fasteaksjonen! Årets digitale innsamling i Fjaler ga kr. 30 613, der kr. 15 000 kom inn via Facebook, og resten via Vipps, SMS og bankkonto. Dette vil gje 122 menneske varig tilgang til reint vatn.

Gjekk du glipp av aksjonen? Du kan framleis bidra ved å sende ei gåve til kontonummer 1594 22 87493, eller VIPPS til 2426, eller SMS «VANN» til 2426 (250,-)

Du kan lese meir om Kirkens Nødhjelp sitt arbeid på fasteaksjonen.no. Tusen takk! Saman gjer vi ein forskjell.

## Bønering

Kyrkja i Fjaler begynner igjen med bønering annakvar veke (partalsveker) etter haustferien. Samlingane vil vere på føremiddagstid og første samling vert torsdag 21. oktober kl. 11.00.

Synest du bøn er godt i kvardagen? Ber du i ny og ne, kanskje dagleg, og synest det kan vere godt å be saman med andre? Eller kanskje du har tankar rundt krafta i bøn? Kan hende er bøn ein framand og utenkjeleg tanke? Kom og prøv!

Dei fleste av oss undrar oss på mangt og mykje. Utan at vi må fortelje det kvar og ein av oss har på hjartet av gleder og sorger i kvardagen, er vi saman i bøn for den enkelte. Og, vi kan takke! I

Bibelen seier Jesus, at der to eller tre er samla i hans namn, er han midt iblandt oss. Det er godt å tenkje på! Bøneringen er open for alle. Vil du vite meir, så ring: Liv Sandsund tlf. 48291933 eller Åsa Ø. Stav tlf. 41689447.

## Framsida

Sommaren 2021 satsar kyrkjelydane langs kystpilegrimsleia på arrangement i friluft. I ei samla satsing frå pinse til september, som perler på ei snor, tilbyr vi møteplassar for folk langs leia i Bjørgvin bispedøme og Vestland fylke. Søndag 1. august heldt prestane Audun Systad og Knut Arne Kummeneje gudsteneste ved Korssundkrossen, og Audun fortalde om historia til steinkrossen. Det var også musikk ved organist Ingrid Nedrebø, og ved Bjørnar Kummeneje og Ingrid Ytre-Arne saman med Knut Arne.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

# Kyrkjeverja skriv ...

## Fri grav og feste av grav – endring av vilkår og kostnad

Alle personar som er busette i kommunen når dei døyr, har rett på fri grav i fredingstida som er 25 år i Fjaler kommune.

Dette gjeld og ved bruk av tinga grav og gjenbruk av grav. Dersom tinga/festa grav vert teken i bruk før festetida er ute, vert innbetalt festeavgift ikkje refundert eller godskrive ei anna grav. Det same gjeld ved gjenbruk av grav.

Kostnaden for feste av grav vert sett til kr 200 pr. år. Gjeld frå 1.5.2021.

Fjaler kommunestyre gjorde vedtak i samsvar med framlegget frå Fjaler sokneråd.

Gravferdsloven § 21. Vedtekter og avgifter, 2. ledd.

«Avgifter for bruk av gravkapell, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra fellesrådet. (hos oss soknerådet, eittsoknskommune).

## Takk for hjelpa med bosset ved Dale kyrkjegard

På våren når alle skal stelle gravene sine samstundes har vi dessverre problem med å ta unna alt bosset og difor sette vi opp plakat med oppmoding om at du tok med deg boss heim til din eigen bossdunk. Takk til alle som følgde oppfordringa.

Vi er grøn kyrkjelyd og ønskjer på sikt å få til meir sortering av bosset. Etter at «trykket letta» endra vi plakaten til at vi oppmodar deg til å ta med plasten, plastpotter og posar heim, og levere det saman med plastavfallet ditt. Vi kunne ha sett opp eigne dunkar for plast, men då plasten må vere heilt rein, har vi dessverre ikkje kapasitet til å vaske pottene før levering. Takk difor at du hjelpe oss med å vere grøn kyrkjelyd.

Hjelp oss gjerne med dette på dei andre gravplassane også.

## Namn på gravminnet må vere godt leseleg

I Gravplassføreskrifta står det at eigaren er ansvarleg for at gravminnet ikkje er i forfall. Dette medfører at skrifta på gravminnet må vere godt leseleg. Kyrkjeverje formidlar kontakt med ein som fornyar skrifta og reingjer gravminnet. No er det slik at han som to gongar i året har vore i Fjaler gjennom nær 30 år, er pensjonist og har sin siste tur hausten i år, hausen 2021. Pr i dag veit vi ikkje om nokon andre som vil reise rundt og gjere slikt arbeid.

Har du ansvar for eit gravminne der skrifta burde vore fornya, så er det lurt å få det gjort i haust. Ta då kontakt med kyrkjeverje – kyrjekontoret så formidlar vi det.

Gravplassforskriften § 26

«§ 26. Ansvar

Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på gravplassen. Når gravplassmyndigheten finner det nødvendig, skal eieren varsles med pålegg om å bringe gravminnet i overensstemmelse med de krav som er stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eieren unnlater å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst hvor eieren befinner seg, kan gravplassmyndigheten sette i verk tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, herunder fjerne gravminnet.»



Foto: Stig Moltumyr

## Kyrkjetenar/medhjelpar i Dale – delt på fleire hender

Då det ikkje er lett å finne nokon som vil ta på seg å jobbe annankvar søndag og alle høgtider som kyrkjetenar, tenkjer vi no å dele jobben ved Dale kyrkje «på fleire hender.» Vi søkjer deg som kan gjere ein innsats for kyrkja ved einskilde arrangement. Arbeidet er meningsfullt, er betalt, og det er ikkje vanskeleg. Vi har automatisk ringing, så du slepp å gå opp i tårnet for å ringe med tau!

Vi treng nokon som kan ta oppdrag i helgar og/eller hjelpe til ved gravferd yrkedagar. Ein person har alt fått opplæring og hjelpt oss i sommar. Vi ønskjer eit stabilt team av personar, så det er fint om du som har lyst og anledning til å gjere ein innsats for kyrkja, kontaktar kyrkjeverje Irene på tlf. 99238420 for fleire opplysningar.

# Trusopplæring i haust



## «Mi kyrkjebok» til 6-åringen

I september har vi samlingar for 6-åringane i Fjaler. Dei får 6-årsboka (i gudstenesta), samt arbeidshefte og CD.

Mi kyrkjebok 6 handlar om Nora som nett har begynt på skulen. Boka har òg mange spennande forteljingar frå Bibelen, og om dei kristne høgtidene; påske og pinse.

I arbeidsheftet er det mange morosame oppgåver å gjere, både å streke, teikne, og fargelegge.

Alle 6-åringane i Fjaler blir invitert til ei felles laurdagssamling i Dale kyrkje der vi skal øve til gudstenesta ved å synge liturgi og salmar. Vi skal leike og synge.

Vi som arbeider med opplegget for 6-åringane, ser at det er viktig at borna tidleg blir kjend med den kyrkja dei er døypt inn i. Det er kyrkja si oppgåve å vere med og hjelpe foreldre og fadrar med å realisere ønsket om at borna skal lærast opp i den kristne trua.

Gudsteneste med utdeling av 6-årsboka er: 26. september kl. 11.00 i Dale kyrkje, 3. oktober kl. 11.00 i Guddal kyrkje, og 3. oktober kl. 14.00 Folkestad kapell.

## For 4-åringane!

I november er det 4-åringane sin tur til å få bok. 4-åringane vert invitert til ei samling før utdelingsgudstenesta, der vi mellom anna øver på det 4-åringane skal vere med på i gudstenesta. For alle 4-åringane i Fjaler blir det ei felles samling laurdag 20. november kl. 10.30-11.30 i Dale kyrkje

Elles blir det utdeling av 4-årsboka desse datoane:

### Dale kyrkje

21. november kl. 11.00: Gudsteneste og utdeling av 4-årsboka

### Folkestad kapell

21. november kl. 14.00: Gudsteneste og utdeling av 4-årsboka

### Guddal kyrkje

5. desember kl. 16.00: Lysmesse og utdeling av 4-årsboka

## «Middag og misjon» på Ljosheim i Dale

Til deg som er født i 2008!

Vi inviterer deg til å vere med på eit spennande opplegg om misjon på Ljosheim i Dale. Det byrjar **kl. 15.00** og sluttar **kl. 17.00**. **Dag og dato er torsdag 11. november.**

Gløym alt du veit om misjon! Det er sannsynlegvis både mangelfullt og misvisande. Kom til Ljosheim og høyr om det spennande arbeidet som skjer i verda – med særleg fokus på Det norske misjonsselskapet, forkorta NMS, sitt arbeid i Midtausten – der dei mellom anna jobbar for å gje foreldreause barn eit verdig liv.

På samlinga skal vi i tillegg til mat ha morosame leikar og konkurransar.

No har du sjansen til å lære meir og tileigne deg kunnskap du kan bruke både i skulefag og i eige liv!

Dette opplegget er ein del av trusopplæringa i Fjaler.

Vi håpar å sjå nettopp DEG!

Vel møtt!

# Sjølvlærd på orgelkrakken

Etter å ha vore vikarorganist i Fjaler sidan 1988, har Reidun Eiken (71) pensjonert seg. Bortsett frå fire timar instruksjon med John Walker på orgelet i Hellevik, er ho sjølvlærd. Mest av alt er ho glad i salmar.

Reidun voks opp i ein storfamilie med besteforeldre, tanter og ein onkel attåt kjernefamilien, på Skivenes i Hyllestad. Heile familien var songglad, og dei song gjerne til arbeidet både ute på bøen og inne. I eine stova, der det hadde vore omgangsskule, stod eit trørgel. Bestemora var svært glad i salmar, og søndag ettermiddag samlast dei ofte til songstund, der mor Astrid og ei tante spelte. Stova vart også nytta til samling kring båra og eit siste farvel med heimen då besteforeldra gjekk bort. Den dag i dag føler Reidun høgtid i dette rommet.

Far Kristoffer var den som oftast song kveldsbøna med ungane, og han lærde dei mange andre songar. Sjølv vart Reidun spesielt glad i «Deilig er den himmel blå», og det var denne ho debuterte med på trørgel heime. Så vidt ho hugsar var ho rundt fire år og for liten til å sitje og spele, så ho stod og trødde med eine foten medan ho spelte, og tykte i alle fall sjølv at det let bra.

I skulen på Øn fekk ho Bendik Skogly som lærar, og han song gjerne og ofte. Skuledagen begynte og slutta med song, dei song for maten og hadde song på timeplanen. – Vi song alle versa, og spesielt øvde vi på 17.-maisonngane. I toget gjekk me i takt og song, medan Egil Ramstad sat på eit lasteplan og spelte til songane på trørgel. No er det korpsmusikk, og det er fint, men songen har diverre stilna, seier Reidun.

I vaksen alder, etter at ho kom



i Eika, tok Reidun NKS-kurs i notelære. Ho spelte på juletefestar og til salmane på bedehusbasaren. Sokneprest Kåre Mestad spurde om ho kunne tenkje seg å vere vikar i bedehuskapellet. – Det følte eg meg ikkje kompetent til. Det gjorde eg heller ikkje då avtakaren Anne Marie Dahl Mustard orda frampå om det same, fordi dei var så i beit for vikarar. Det enda likevel med at eg lova å spele til salmane i gudstenesta, og i påskehelga 1988 våga eg meg endeleg frampå, seier Reidun, som hadde «Å salige stund» som første salmen. Seinare vart det

mange stunder på orgelkrakken, mest i Fjaler, i gudstenester og gravferder.

For å få tak på liturgien måtte det mykje øving til. Det vart som det står i songen «... øve, øve, jevnt og trutt og tappert det er tingen» om att og om att til ho var i mål. Reidun hadde det elles slik at når ho skulle lære nye salmar, måtte ho pugge tekst, minst første og siste verset, for å få dreisen på spelinga. Så langt det gjeld liturgien, var det ei utfordring at den ikkje var lik frå kyrkje til kyrkje, slik at det var lett å

I drygt 33 år har Reidun Eiken gjort teneste på orgelkrakken her i Hellevik, i resten av Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Solund og Høyanger. Song og musikk var ein viktig del av oppveksten, saman med mellom anna laksefiske. Dei hadde lakseverpe heime, og det har dei i Eika, så Reidun har fått laks både i not og på stang.



gjere feil. Reidun er forresten ein av oss som ikkje ser verdien ved å endre på det som fungerer og let fint, til dømes i liturgien.

Reidun opplevde tida på orgelkrakken som lærerik og gjevande. Ho følte på at ho gjerne skulle ha kunna meir og var ikkje alltid heilt fornøgd med eigen innsats. Men stort sett har det gått fint, og ho er glad og takksam for alle salmeversar ho har lært utanåt. Ho takkar for at

ho har fått vore med, og for flinke, hjelpsame og gode medarbeidarar i desse drygt 30 åra. Skulle ho setje opp ein privat «salmetopp» kjem «Blott en dag» og «Navnet Jesus» høgt på lista.

*Tekst og bilete:  
Atle Lyngstad Ness*



## Konfirmasjonar haust 2021

### **Folkestad kapell** **laurdag 28. august**

Jessica Lammetun Lindelid  
Anna Skår Midtbø

### **Guddal kyrkje** **laurdag 4. september**

Andrine Yndestad Engen  
Brage Yndestad Engen  
Nandor Yndestad Engen  
Tarjei Guddal  
Signe Kråkenes Langeland  
Håvard André Ødemark

### **Dale kyrkje** **laurdag 18. september**

Elisabeth Alværen  
Andrine Skadal Christiansen  
Tobias Skadal Christiansen  
Anders Hauge Folkestad  
Jenny Helene Solheim Langeland  
Christoffer Løvang Myklebust  
Hans Marcus Myklebust  
Carmen Andrea Naustdal  
Margrethe Helen Gudmundsos Refsnes  
Tonje Maria Roos  
Emma Sande  
Vanessa Loraine Kingngam Skadal  
Felix Rørvik Solheim  
Olav Henning Sæterdalen Solheim  
Ivar Standnes  
Lukas Jakobsen Steffensen  
Mia Stensæth  
Julian Schürholz Strandenes  
Anna Ulltang

# Ein mannsalder for kyrkja

*Pinsedag hadde Jostein Løseth (60) siste offisielle tenesta for kyrkja i Fjaler. No skal han køyre buss på heiltid. Lovorda, spesielt for måten han heldt kyrkjegarden på, har vore mange.*

Det var forgjengaren Sverre Løseth som i si tid headhunta Jostein til arbeid for kyrkja. – Han hadde lyst å ha fri ein og annan søndagen og spurde om eg kunne tenkje meg å vere avløyssar. Det sa eg ja til, og etter å ha snakka med rådmann Arvid Follevåg om saka, vart eg vikar for Sverre'n, seier Jostein. Dette var hausten 1991, så vi snakkar om nesten ein mannsalder.

## Headhunta som vikar

Jostein hjelpte også Sverre Løseth på kyrkjegarden fram til han slutta for 25 år sidan, mellom anna med å ta opp graver for hand. Seinare vart det maskinell graving og elektrisk ringing. Etter først eitt år som vikarierande kyrkjetenar i Dale, vart Jostein fast tilsett i mai 2011. Han hadde stillinga i nokså nær 10 år, frådrege permisjonen i 2018. Kyrkjetenaren møter folket til gudstenester, der dei fleste barnedåpane skjer. Men han følgjer dei også i merkedagar som bryllaup og gravferd. Jostein hugsar godt første grava han var med og tok



*ORDEN: Av oppgåvene Jostein Løseth hadde for kyrkja i Fjaler, har han fått spesielt mange godord for måten han har halde kyrkjegarden i hevd på.*

opp, og legg til at sterkast inntrykk har avskil med barn og unge gjort.

## Utfordrande oppvekst

Ikkje unaturleg det, for oss som veit at han sjølv vart farlaus berre eitt år gammal. Det innebar at han tidleg måtte lære seg til å arbeide og hjelpe til heime hos mor og seinare

hos den funksjonshemma søstera. Småbruket på Løseth, med sauer og eit par kyr, kasta ikkje mykje av seg. Så etter ungdomsskulen var det om å gjere å komme seg fortast mogleg i arbeid på skofabrikken og tene pengar. I ettertid har Josten angra på at han ikkje gjekk yrkesskulen, men det var lite økonomisk rom for



å tenkje på slikt.

- Men eg har no greitt meg, seier Jostein ettertenksam. Han har ikkje berre gitt, men også fått hjelp. Utanom familien held han fram Asbjørn Stenseth som ein god støttespelar, kamerat og fagmann på mekanikk. Han var ofte god å ha, lærde meg mykje og sa aldri nei, minnest Jostein.

### Berga seg, så vidt

Greidde seg, så vidt, gjorde Jostein også den snøtunge måndagsmorgonen i februar 1998 då han skulle rydde snø ved fabrikk og rygga litt for langt bak slik at traktoren enda i fjorden. Jostein følgde med til botnar, før han fekk opp døra og kom seg ut og til overflata, takka vere boblejakk. Med tida fekk dei også opp att traktoren, og Asbjørn var den som hjelpte han med å få den på gjengda att.

Året etter kjøpte Jostein si første gravemaskin og skipa firmaet der han har teke på seg mindre arbeid i hagar og anna småtteri. Som sjølvstendig næringsdrivande hadde han i mange år også slåtten på gravplassane i Folkestad og på



*TAKK: Etter gudstenesta i Dale kyrkje 1. pinsedag takka sokneprest Knut Arne Kummeneje avtroppande kyrkjetenar Jostein Løseth for innsatsen med blomar og vel fortente godord. Og kyrkjelyden applauderte!*

Hellevik. I 2002 begynte han så smått å køyre buss for Firda Billag, så han som no er bussjåfør på heiltid har god og allsidig praksis i bagasjen.


### Kjekt å få skryt

Når han valde å slutta i arbeid for kyrkja kom det seg mest av at det vart i meste laget med gudsteneste annakvar søndag, alle høgtider og ikkje tidfeste oppdrag. Men berre 50 prosent stilling. – Eg likte meg i jobben og prøvde å løyse oppgåvene så godt eg kunne.

Særleg når eg var på kyrkjegarden kom eg i kontakt med mange som eg elles truleg ikkje hadde møtt. Og eg er ikkje meir ulik folk flest enn at når eg fekk skryt for arbeidet, ja, så likte eg det, seier Jostein.

Og kven veit... kanskje er det også i framtida stundom bruk for ein varamann på plenraktoren eller når eit gravminne skal ordnast med på ein av kyrkjegardane i kommunen. Jostein veit kva det er snakk om og fiksar sikkert den biffen.

*Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness*



## Velkomen til dåp!

*Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort.*

*Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:*

*«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!*

*For Guds rike høyrer slike til.*

*Sanneleg, eg seier dykk:*

*Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»*

*Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.*

*Markus 10, 13-16*

### Vil du bestille dåp?

Send epost til [kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no) eller ring 57 73 97 70.

Gudstenestelista finn du i kyrkjebladet eller på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no).



**DEN NORSKE KYRKJA**

Fjaler sokn

# Tenar i tre kyrkjehus

**Anne Brit Mo (51) er godt i gang som kyrkjetenar i Guddal, Folkestad og på Hellevik. Å tene tre «herrar» samtidig kan tykkjest vanskeleg, men ho har hatt tredelt jobb før, då i tre ulike prestegjeld, dessmeir.**

Anne Brit er fødd og oppvaksen i Mandal og flytta derifrå som 16-åring for å gå på folkehøgskule på Moi. Sidan har ho vore inn om fleire yrke enn dei fleste og budd mange stader. At ho kom til Fjaler var heilt tilfeldig. – Med ei dotter i Kvinnherad og ei i Hjelmeland, var det naturleg å sjå til Vestlandet. Og under eit søk på finn.no dukka «det blå huset på Hovland» opp. Eg ante ingen ting om Fjaler, men saman med eldste dottera reiste eg for å sjå på huset og plassen, seier Anne Brit. Dottera sin kommentar var uråd å ta feil av: - Du er galen, mamma, viss du ikkje slår til og blir her.

Møtet med Hovland var udelt positivt, både huset og nabolaget. Anne Brit har kjent seg velkommen, inkludert og godt imotteken frå første dag og trivst svært godt som ein av 12 fastbuande i grenda. – Det er første gong eg har funne hus før jobben, men det funka fint, det, seier Anne Brit som i løpet av heller kort tid vart tilsett som personleg assistent attåt oppgåvene som kyrkjetenar. Det vert ikkje myrkje helgefri, men det trur ho skal gå godt.

Førre arbeidsplassen var i Kings Bay på Svalbard. – Eg hadde arbeid som reinhaldar i Ny Ålesund, men eg takla ikkje mørketida, så eg vart tvangssend heim etter berre fire månader, seier Anne Brit. På Sunnmøre var ho gift og budde i 16-17 år. Ho arbeidde både som kyrkjetenar og trusopplærar, mellom anna i Skodje, der Olav Mestad (son til gamlepresten vår)



var leiar i soknerådet. Elles har ho vore innoom barnehage, sjukeheim, blomsterbutikk og gravferdsbyrå. Noko av det mest eksklusive var likvel året som au pair på Færøyane.

Anne Brit voks opp i ein musikk-, song- og kunstfamilie. Første solistoppdraget hadde ho som treåring, og før ho fylte 11, hadde ho vore med på tre oppsetjingar

på tre språk av Händels Messias. Korsong har alltid vore viktig, så vegen til Cantus var kort. Ho spelar piano og cello, syng og har hatt vikaroppdrag som organist i nokre gudstenester. Som trusopplærar heldt ho også ein del taler og andaktar.

Attåt song og musikk er ho ein flittig hobbyfotograf og har innreia bilen

Anne Brit Mo har ein allsidig yrkes- og hobbybakgrunn og skryter uhemma av samhald og trygghet ho opplever i nabolaget og i det blå husei på Hovland. I tillegg liker ho naturen og klimaet. Å jobbe som personleg assistent og kyrkjetenar er ein fin kombinasjon.



med seng, slik at ho kan overnatte kvar som helst på jakt etter dei gode motiva. Ho har også ei fortid som smykkedesigner med eigen butikk og verkstad på Sunnmøre. Ho kopierte gamle funn frå vikinggraver og samarbeidde mellom anna med musea i Ålesund og selde til turistane.

- Litt smykke lager eg enno, men

det blir mest maleri, hekling og litt betongfigurar, men sidan eg blir mormor for første gong i desember, kjem nok strikkepinnane til å gå seg varme utover hausten, ler Anne Brit.

*Tekst og bilete: Atle Lyngstad Ness*



**Det Norske  
Misjonsselskap**

## Misjons- messe for NMS

(Det Norske Misjonsselskap)

**laurdag 6. november**  
**Førde kyrkjetun**  
**kl. 12.00- 17.00**

- Sal av fine handarbeidsvarer, varme strikkasokkar, gode smakfulle saker som syltetøy, lefser, flatbrød, kanskje tomat-sild?
- Loddsalg i form av lynlotteri og åresalg, lykkehjul for dei minste.
- Open kafè heile dagen, med høve til å smake salt og søtt.
- Tid til prat og hyggjeleg treff med kjende og ukjende.

Dagen skal også inspirere til innsats for NMS og kyrkja sitt vidstrakte arbeid i heile verda. Karen Margrete Eikenes Mestad, frå Gloppen, oppvaksen på Hestenesøyra, vert med på messedagen. Ho bur i Stavanger, har arbeidd fleire år som prest, er no Høgskulerektor ved Vid avdeling for teologi/diakoni. (tidlegare Misjonshøgskulen) I ungdomsåra var ho trufast leirdeltakar på Alværa!

Har du lyst å bidra med varer eller som frivillig? Ta kontakt med underteikna.

Vel møtt til inspirerande dag i november!

For messekomité: Rigmor Frøyen  
Epost: rigmor.froyen@gmail.com  
Tlf 489 57 436

# Så pynter vi vårt hus til fest

I Fjaler har vi ein lang tradisjon ved at barnekora pyntar altarringen i kyrkja/kapellet i hausttakkefesten med korgar fulle av hausten sine grøder, som frukt og grønnsaker. Kora kjem inn i prosesjonen under preludiet. Etter at korgene er plasserte, syng kyrkjelyden salme 562 *Så pynter vi vårt hus til fest*.

Salmen er også inkludert i 6-årsboka som vert utdelt på hausttakkefesten, men i boka er den plassert saman med påskesalmane, med bakgrunn i mellomdelen:

*Av graven stod han opp igjen.  
Halleluja!  
En hellig søndag morgen.  
Halleluja!*

Desse linjene minner oss også om at kvar søndag er ein liten påskedag. Utan oppstoda, hadde vi ikkje hatt den kristne kyrkja eller gudstenester.

Både melodien og teksten er laga av Kristin Solli Schøien og kom først ut på plata *Nesten ingenting: Kirkeårsviser* i 1981. Schøien gav salmen overskrifta «Pyntevise».

Vi pynter Guds hus ikkje berre med fysiske ting som lys, men også med song og glede for Jesus, som er usynleg til stades med oss.

Det er kanskje litt rart å syngja at Jesus er heidersgjest i kyrkja – er det ikkje Gud som inviterer oss menneske til sitt hus som gjestar? At Jesus er heidersgjest gjev uttrykk for at han er midtpunktet. Då må vi vere glade for at han er til stades i eit hus som menneske har bygd.

Bibelen fortel oss at Jesus var gjest i tollaren Matteus/Levi sitt hus etter at Jesus hadde kalla læresveinen til å følgje han. Tollarane var i den tida jamstilte med syndarar og Jesus vart kritisert for dette. Han svara:

«Det er ikkje dei friske som treng lege, men dei som har vondt. Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar.» (Mark 2, 17).



Foto: David Zadig, frå CD-en innspelt av Dale Barnekor, som vi deler ut til 6-åringane kvart år.

Vi er alle syndarar og då pyntar vi og syng gjerne med glede for Frelsaren vår, som har oppstått frå dei døde, gitt oss evig liv og er til stades med oss – Jesus er verkeleg ein heidersgjest i eit slik selskap, eller «brudgomen», som han kalla seg sjølv:

«Kan vel bryllaupsgjestene fasta medan brudgomen er hos dei?» (Mark 2, 19).

MT

Så pynter vi vårt hus til fest  
med lys og sang og glede  
for Jesus som er hedersgjest  
hos oss i dag til stede.  
Av graven stod han opp igjen.  
Halleluja!  
En hellig søndag morgen!  
Halleluja!  
Så pynter vi vårt hus til fest  
med lys og sang og glede.

T/M: 1980 Kristin Solli Schøien  
© Cantando Musikkforlag AS

# Berekraftig haust



Foto: Bluebudgie, Pixabay

## Naturopplevingar i nærmiljøet

Opplev hausten sine vakre fargar, raud, gul og oransje, ved å ta ein fjelltur, gåtur eller sykkelstur – godt for sjel og kropp.

Hausten er ei god tid for turar – ikkje for varmt eller kaldt og glatt.

Eller padle kajakk på eit stille vatn eller på fjorden. Besøk eit lokalt museum.

Lag berekraftige julegåver på dei regntunge dagane eller borddekorasjonar frå naturen.

## Lokal mat

Ikkje alle kan jakte på hjort, men det er andre matkjelder tilgjengeleg om hausten.

Gå på ein fisketur.

Plukk frukt i eigen hagen eller t.d. rognebær eller sopp i naturen, om du ikkje har plommer og eple.

Kjøp frukt og grønsaker produsert lokalt, t.d. i Sogn, Nordfjord eller Hardanger, i alle fall kjøp norske matvarer når dei er i sesong.

Lag syltetøy med bær og frukt som du ikkje kan ete fersk.

Hausten er også ei god tid til å starte kompostering.

## Tips for blad

Døde blad er ein del av livssyklusen til planter og jord. Planter veks frå jorda, døyr, brytast ned og blir ført tilbake til jordsmonnet. Dette lager karbonmateriale som er ein del av jordøkologien og fremjar sunn mikroøkologisk aktivitet i jorda. Å fjerne døde blad frå denne syklusen kan faktisk tømme jorda di for næring.

Ikkje samle opp blad på plenen for å køyre dei til gjenvinningsstasjonen.

Klipp over dei nokre gonger – dette bryt dei opp i små bitar som raskt brytast ned og deretter til slutt forsvinn heilt inn i plenen.

Legg blad direkte på blomebed eller kjøkkenhagen – Dette hjelper til å skape ein barriere mot elementa og leggje til eit ekstra lag mot ugrasvekst.

Lag mold sjølv – oppbevar blad i ein plastpose på ein mørk og fuktig stad i to til tre år. Mindre bitar med grasklipp inn imellom gir ein kortare prosess. Resultatet vert bladmold til blomebed og pottejord.

# Velkommen til kor

Song er bra for helsa di. Ver med i kor! Det er ingen prøve/audition. Alle syng med den stemma dei har, til glede for seg sjølv og andre.



## Cantus

kyrkjekoret i Fjaler for vaksne i alle aldrar  
Stad: Ljosheim i Dale  
Dag: Onsdagar

Tid: kl. 19.45–21.30

Cantus har 24 medlemmer frå 26 til over 80 år, men vil gjerne ha fleire, særleg menn. Cantus deltek på høgtidsgudstenester, på minnegudstenesta på Helgemessesøndagen, samt andre gudstenester og konsertar i Dale kyrkje, som julekonserten. I år syng vi på opningsfesten for teaterfestivalen 9. september kl.21.00 i Samvirket. Koret held også konsertar på sjukeheimen, til glede for dei som bur der.

Vi håper fleire yngre vaksne vil ha lyst til å bruke songstemma si. Gje gjerne beskjed til dirigent Mark Taylor kantor@fjaler.kyrkja.no så kan vi ha notane i kormappene klare til deg.

## DALE **BARNEKOR**

### Dale barnekor

3.-7. klasse i Dale  
Stad: Ljosheim  
Dag: Onsdagar

Tid: kl.14.45–15.15

Koret ynskjer mange fleire nye medlemmer. Det er viktig at barn får syngje, ei gåve som gir glede gjennom heile livet! Fellesskap, songglede og samhandling er viktige verdiar. Vi håper at barna vil få hjelp av føresette til å prioritere barnekor blant dei mange fritidsaktivitetane i Dale. Vel møtt!

## Guddal familiekor

frå 4 år oppover

Stad: Guddal kyrkje

Dag: Anna kvar tysdag i partalsveker

Tid: kl.15.15–16.15

(dei minste t.o.m. 4. klasse kl.15.15–15.45, men

kan vere med heile øvinga viss føresette ynskjer det.)

Vi øver i kyrkja der vi kan trene oss på mikrofonbruk og oppstilling. Koret syng på hausttakkefesten, lysmessa og på julaften. I tillegg medverkar dei store frå 5. klasse oppover på konfirmantpresentasjonen og på Helgemessesøndag med sjansen til å syngja litt meir repertoar retta mot ungdom. Velkomen!



## Ungdomskoret

For ungdom frå 12 -19 år

Stad: Ljosheim

Dag: Anna kvar onsdag i partalsveker

Tid: kl.15.30-16.10

Ungdomskoret er nedleggingstruga og må ha minst 5 medlemmer for å fortsette aktiviteten, så nye medlemmer vil vi svært gjerne ha. Jo fleire som blir med, jo lettare vert det å vere med i koret, når fleire bidreg.

Ungdomskoret støtter også økonomisk dei kormedlemene som vil delta i Regionalt Ungdomskor Vest (RUV) der ungdomen øver og framfører songar saman med ungdom frå Bjørgvin og Stavanger bispedøme.

Dette er eit tilbod til alle songglade ungdomar i alderen 12-26 år som høyrer til i eit kor på heimplassen sin og vil syngja i eit større kor, men det er valfritt. Ein treng ikkje dra på tur, men koret liker å ha avslutningsfest med bowling og pizza i Førde!

PÅMELDING: til kantor Mark Taylor innan 20. august slik at Ungdomskoret kan fortsetje aktiviteten. Ring 57739774 eller send e-post til kantor@fjaler.kyrkja.no.

# 25-årsjubileumskonsert

Søndag 25. april heldt Do Re Mi 25-årsjubileumskonsert i Folkestad bedehuskapell med fine påske- og vårsongar. Dei fem jentene i koret fekk stor applaus og diplom og pins og musikalsk leiar kantor Mark Taylor heldt ei kort jubileumstale.



Foto: Linda-Helen Landro Hjelle

## Historie til Do Re Mi

Do Re Mi starta opp 4. januar 1996 på Våge skule. Namnet Do Re Mi vart eit forslag frå kor-medlemmene. Annlaug Hågensen var drivkrafta bak koret og hadde øvingar saman med Aud Haugstad, med Mark Taylor som repertoar-rådgjevar, akkompagnatør og dirigent i kapella, og med på ein god del øvingar. Åsta Namvedt var kasserar og hjelpar dei fyrste åra.

Koret var i 1996 eit barne- og ungdomskor, der born frå 7-18 år var med. Det var eit stort kor – 50 songarar på dei meste frå Våge og Hellevik. Frå januar 1997 var koret delt i to, eit barnekor frå 7 år opp til 7. klasse og eit ungdomskor frå 7.

klasse oppover. Det var mest jenter i begge kora.

Barnekolet då hadde 30 medlemmer og ungdomskoret (leia av Hermod Espe og Annlaug Hågensen) 13 jenter og 1 gut, han spela bass.

Våren 1997 fekk koret T-skjorte med logo som barna sjølv hadde laga. Ei stor framføring var på skulegudstenesta under bispevisitas 30. mai 1997 der Biskopen skrytte mykje av koret i NRK og Firda.

Både Annlaug, Hermod og seinare Irene Brendehaug tok dirigent kurs mens dei var dirigentar for Do Re Mi. Irene fullførte eksamen våren 2000.

Etter Annlaug reiste frå Fjaler i 1998, var Irene Brendehaug dirigent for begge kora, med hjelp frå Mark, Hermod og Åsta, til ho reiste for å studere i 2001. Under hennar leiing var særleg ungdomskoret med på mykje spennande som The Commitments, ABBA, og gospel konsertar med Jessy Dixon og Nina Åstrøm. Våren 2001 var det 7 medlemmer i barnekolet og 6 i ungdomskoret.

Hausten 2001 begynte Annika Tveit som dirigent for koret med hjelp frå Mark. Då var det berre barnekolet sidan mange ungdommar reiste vekk. I tillegg til dei vanlege framføringane i kapella, song Do Re Mi på familiekonsertar i Dale med Tore Thomassen, Geir Hegerstrøm og Ragnhild Hiis Ånestad.

Annika skreiv teksten til songen «Vi er Do Re Mi» som koret har sunge i vårkonsertar sidan, også i år!

Hausten 2004 overtok Mark Taylor som leiar/dirigent. Do Re Mi melde seg inn i Ung Kyrkjesong og har deltatt på kortreff på Hauglandssenteret og i Bergen og Ålesund, samt Barnefestivalane til KFUK-KFUM rundt om i Sogn og Fjordane. I 2005 kjøpte koret inn korgenserar som er meir praktisk sidan vi opptre mest om vinteren. Barna valte den rau-de fargen og ville bruke vidare same logoen som på T-skjortene. Dei fleste åra har koret hatt 11-13 medlemmer, men hadde 19 hausten 2008 med 3 gitar og 16 jenter.

Januar 2015 kom berre 3 barn på første øvinga og det såg ut til at koret skulle gå mot nedlegging, men ny styreleiar Ida Fretland gjorde ein kjempeinnsats slik at det vart 8 born med i 2015 og koret kunne fortsetje aktiviteten.

Koret har fått bra med støtte frå Sparebankstiftinga til å kjøpe el-piano til begge kapella pluss korttrapper. Do Re Mi kjøpte også inn nytt lydanlegg til Folkestad kapell. Koret har vore til glede for mange barn som har vore med å syngja gjennom åra og for alle dei som har høyrte på songen deira.

Do Re Mi er svært viktig for gudstenestelivet i Hellevik og Folkestad, ikkje berre når det gjeld korsong, men koret er vesentleg for trusopplæring og for gjennomføring av prosesjonar på hausttakkefesten og lysmessa.

Gratulerer Do Re Mi med 25-årsjubileum!

## Ikkje aktivitet i år

Hausten 2021 er det for få barn som har meldt seg på til Do Re Mi. Derfor blir det ikkje aktivitet i koret komande skuleår.

# 40 år med kor i



Det er gøy å med kor! Øving på Guddal skule hausten 2015.

I 1981 starta Roar Lillebø opp ei forsongargruppe for Guddal kyrkje der mellom anna Oddrun Yndestad, Liv Langeland og Sonja Dingsøy var medlemmer frå

starten.

Det vart også starta opp eit barnekor i Guddal som mellom anna deltok på ein tur til Oslo med John Walker og Dale barnekor i 1993.



Guddal familiekor har konsert på Fjaler sjukeheim kvart år, her i 2011.

I 1995 hadde barnekolet få medlemmer. Barnekolet og forsongargruppa var slått saman til Guddal familiekor som etter kvart har sydd korkapper og kjøpt inn både korgenserar og kor T-skjorter til bruk ved framføringane. Koret har også kjøpt inn elpiano og mikrofonar.

Guddal familiekor har hatt mange fine turar til Fedje, Solund, Sogn, Voss, Ålesund, Florø, Kinsarvik, Samnanger, Dyrkolbotn, Alværa misjonscenter og Bergen. Koret har deltatt mange gonger på Barnefestivalen til KFUK-KFUM og på haust og vårtreff til Ung Kyrkjesong.

Koret har deltatt på konsertar i Dale med blant anna Jessy Dixon og Bjarte Leithaug, samt julekonsertar i Dale, Guddal og Vadheim.

I 2015 var det få vaksne igjen i



# Guddal



Guddal familiekor med familiemedlemar på tur til Voss og Vik i 2002, her ved Undredal Stavkyrkje.

koret, og vi har sidan vore eit barne- og ungdomskor. Koret er avgjerande for gudstenestelivet og trusopplæring i Guddal og har gitt songglede til mange gjennom åra.



Familiekoret på tur til Solund i 2005

Gratulerer med 40 år med korsong i Guddal kyrkje!

MT

## I kyrkjelyden sidan sist

### Dale

#### Døpte:

Adam Solås Tonning (døpt i Bø kyrkje)  
Storm Hjartholm Løkkebø  
Falk Solheim Haugsbakk  
Nora Brynstad Skår  
Silas Ocean Lykkebø Kvåle  
Jakob Kjørstad  
Ludvik Johme Jørgensen  
Astrid Nøttveit Seilen  
Falk Kummeneje Risstad  
Kirsten Dale Lammetun  
Heine Aamot Haugen

#### Døde:

Olav Konrad Ness	f. 1936
Svanhild Øksenberg	f. 1931
Oddlaug Lyngstad	f. 1931
Bertha Hansine Berge	f. 1939
Asta Norun Øen Lundgren	f. 1947
Odd Nistad	f. 1936
Edith Thomassen	f. 1933
Gunnar Myklebust	f. 1952
Erling Andreas Thomassen	f. 1924
Johan J Strand	f. 1933
Nancy Myklebust	f. 1937
Ragna Flekke	f. 1934
Solbjørg Alma Solheim	f. 1939

### Guddal

#### Døpte:

Magnus Kalstad

#### Vigde:

Kristin Sandvik og  
Jens Andreas Kalstad

#### Døde:

Oddveig Johanne Røstenskaar f. 1940

### Hellevik

#### Døde:

Asbjørn Enstad	f. 1942
Myrthild Laila Vatnelid	f. 1956
Jan Magne Hauge	f. 1950
Magnhild Hatlevik	f. 1931

### Korssund

#### Vigde:

Anette Uglum Neset og  
Andreas Pettersen Vikdal

### Folkestad

#### Døde:

Bjørn Kyrre Midtbø f. 1934

# Velkommen til kyrkje

Ver obs på at det kan bli endringar og tilpassingar i gudstenestelista på kort varsel alt eller kva smittevernreglar som gjeld.

Sjekk [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no), [facebook.com/FjalerKyrkja](https://facebook.com/FjalerKyrkja) eller sjå annonsen i Firda kvar laurdag for oppdatert informasjon. Der vil det også stå om eventuell påmelding.

Også i år blir konfirmasjonsgudstenestene lukka arrangement for konfirmantane og dei næraste.

## Lørdag 28. august

Folkestad bedehuskapell kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

## Søndag 29. august Dale kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Ungdomskoret deltek. Offer til Alværa Misjonscenter.

## Guddal kyrkje kl. 14.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Store frå familiekoret deltek. Offer til Alværa Misjonscenter.

## Lørdag 4. september Guddal kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

## Lørdag 11. september Dale kyrkje kl. 11.00

Festivalgudsteneste. Solosong v/ Marie Skadal.

## Søndag 12. september Dale kyrkje kl. 19.00

Jean d'Arc. Ein del av Teaterfestivalen. Billettsal.

## Lørdag 18. september Dale kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

## Søndag 26. september Dale kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest med utdeling av 6-årsboka. Døpsskolen og barnekoret deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

## Folkestad bedehuskapell kl. 19.00

Syng-med-oss kveld: Allsong, andakt og kveldsmat. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

## Søndag 3. oktober Guddal kyrkje kl. 11.00

Hausttakkefest med utdeling av 6-årsboka. Familiekoret deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

## Hellevik bedehuskapell kl. 14.00

Hausttakkefest Utdeling av 6-årsboka. Do Re Mi deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

## Søndag 10. oktober Dale kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med markering av eldredagen. Cantus deltek. Offer til Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet.

## Folkestad bedehuskapell kl. 14.00

Gudsteneste med markering av eldredagen. Offer til Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet.

## Søndag 24. oktober Dale kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med tema frå TV-aksjonen. Konfirmantane og Ungdomskoret deltek. Offer til TV-aksjon Plan sitt arbeid mot barneekteskap.

## Folkestad bedehuskapell kl. 14.00

Gudsteneste med tema frå TV-aksjonen. Konfirmantane deltek. Offer til TV-aksjon Plan sitt arbeid mot barneekteskap.

## Søndag 31. oktober Straumsnes grendehus kl. 14.00

Gudsteneste og kyrkjekaffi. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

### Søndag 7. november Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste på Helgemessesundag. Vi minnest våre døde. Cantus deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

### Folkestad bedehuskapell kl.11.00

Gudsteneste på Helgemessesundag. Vi minnest våre døde vest i Fjaler. Offer til Folkestad bedehuskapell.

### Guddal kyrkje kl.14.00

Gudsteneste på Helgemessesundag. Høgmesse Vi minnest våre døde. Store frå familiekoret deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

### Søndag 21. november Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Barnekoret deltek. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

### Folkestad bedehuskapell kl.14.00

Gudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Do Re Mi deltek. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

### Lørdag 27. november Dale kyrkje kl.18.00

Jolekonsert Stille grender. Billetter på TicketCo.

### Søndag 28. november Dale kyrkje kl.19.00

Lysmesse. Konfirmantar, 4. klasse frå Dingemoen skule og barnekoret deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 5. desember Guddal kyrkje kl.16.00

Lysmesse. Konfirmantane og familiekoret deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Hellevik bedehuskapell kl.19.00

Lysmesse Konfirmantane og Do Re Mi deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Fredag 10. desember Dale kyrkje kl.19.00

Den store julekonserten. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk.

### Søndag 12. desember Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

### Folkestad bedehuskapell kl.16.00

Julekonsert.

## Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

## Kyrkja i Fjaler

[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Fjaler kyrkjekontor

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70



### Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Er det lys etter stengetid, kom gjerne innom!

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve

kontoret stengt også når det skulle vore ope.

### Tilsette med kontor plass:

**Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

jobb: 57 73 97 75, mobil: 908 55 230

knakum@fjaler.kyrkja.no

**Kyrkjeverje Irene Fløde**

jobb: 57 73 97 71, mobil: 992 38 420

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

mandag, onsdag, torsdag og fredag

**Kantor Mark Taylor**

jobb: 57 73 97 74, mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

**Sekretær Joy Taylor**

jobb: 57 73 97 72, mobil: 911 71 745

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

tysdag og fredag

### Kyrkjetenarar:

**Guddal kyrkje**

Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

**Hellevik- og Folkestad bedehuskapell**

Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

**Vedlikehald av Hellevik og Folkestad**

gravplassar Jostein Folkestad

### Fjaler sokneråd

**Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

# «Tid for tru»

I fjor forsøkte vi å starte eit samarbeid mellom Hyllestad, Fjaler og Askvoll, eit opplegg for vaksne i kyrkjelydane, kalla «Tid for tru». Arrangør er sokneråda i Askvoll og Fjaler. Sokneprest i Hyllestad, Audun Systad, har leia slike kurs i Hyllestad. På desse kveldssamlingane er det først ei innleiing om eit tema med samtale etterpå. Det er matserving.

På grunn av koronapandemien, valde vi å avlyse arrangementet siste år, men vil prøve på nytt året 2021-2022.

Vi vil veksle på å samlast i Askvoll kyrkje og på Ljosheim i Dale. Det er planlagt fem samlingar. Samlingane er torsdagar kl. 19.00 – 21.15 desse datoane:

- 4. november Dale
- 2. desember Askvoll
- 20. januar Dale
- 17. februar Askvoll
- 17. mars Dale

Påmelding til kyrkjekontoret.



Desse tre prestane skal samarbeide om «Tid for tru»:  
Knut Arne Kummeneje, Audun Systad og Kjell Olav Høstaker Nordheim.